

Bergen kommune
Vestland fylkeskommune

Deres ref.:

Vår ref.:
FERDE05538

Dato:
17.10.2023

Justering av takstane i Bypakke Bergen for å oppnå fastsett gjennomsnittstakst

Bakgrunn

Gjennomsnittstaksten for Bypakke Bergen er i Prop 11 S (2017 – 2018) føreset å vera 11,5 2017. kr, noko som tilsvarar 14,15 september 2023 kr. Realisert gjennomsnittstakst i Bypakke Bergen er langt lågare enn dette. Realisert snitttakst hittil i 2023 er 12,3 kr. I september 2023 er snitttaksten 11,7 kr. Låg snitttakst skuldast i stor grad høg og veksande elbilandel i kombinasjon med relativt låge takstar for nullutsleppskøyretøy. Frå 1. september 2023 er det ikkje krav til AutoPASS-brukaravtale for å få timesregel i Bypakke Bergen, noko som også medverkar til å redusera snitttaksten. Ferde legg her fram eit forslag til justering av takstane i Bypakke Bergen til lokalpolitisk behandling, for å kunna oppnå fastsett gjennomsnittstakst i pakken. Alternativet til ein slik generell takstauke er stram porteføljestyring hjå oppdragsgjevar eller eventuelt selektive justeringar i dei miljødifferensierte takstane, ref. det utvida høvet til å redusera elbilrabatten (Stortingsvedtak 404, frå 20.12.2022).

Heimel og rammer for takstjustering

I samsvar med rutinar for handtering av uvisse i bompengeproposisjonar, jf. Prop. 1 S (2016–2017), kan ein styra takstane i bompengepakkar etter vedteken gjennomsnittstakst.

I «Veileder» for bompengeprojekt står det:

«Ved avvik mellom fastsett gjennomsnittstakst og den reelle gjennomsnittstaksten kan bompengeselskapet søke om endringer i grunntakstene. Forslag til endringer i grunntakstene må ha tilslutning fra berørte fylkeskommuner og garantister før Vegdirektoratet fatter eventuelt nytt takstvedtak. I bypakker må man i tillegg ha lokalpolitisk tilslutning fra berørte kommuner.»

Bypakke Bergen er definert som ein bypakke. Det betyr at både Vestland fylkeskommune og Bergen kommune må gje tilslutnad til ein søknad om å endra grunntakstane for å oppnå fastsett gjennomsnittstakst.

Samferdselsdepartementet har i brev frå 16. mars 2022 om «Rollefordeling og ansvar i bompengesektoren» slått fast at det er bompengeselskapet som må innhenta lokalpolitisk tilslutnad og at det er bompengeselskapet som «må sende takstsøknader med nødvendig tilslutninger når prosjektøkonomien tilsier slike behov.»

Ferde AS

● POSTADRESSE:
Postboks 2623
5836 BERGEN

● ORG.NR: 918 012 745

● TELEFON: 55 90 14 00

● WEB: <https://ferde.no/>

Takstframlegg

Dagens takstar:

	Takstgruppe 1 (fullpris)			Takstgruppe 2 (fullpris)		
	Diesel	Bensin/ladbar hybrid	Nullutslepp	Euro V og eldre	Euro VI	Nullutslepp
Utanfor rushtid	34	28	12	80	42	0
Rushtid	64	58	22	140	85	0

Framlegg til nye takstar:

	Takstgruppe 1 (fullpris)			Takstgruppe 2 (fullpris)		
	Diesel	Bensin/ladbar hybrid	Nullutslepp	Euro V og eldre	Euro VI	Nullutslepp
Utanfor rushtid	43	35	15	100	55	0
Rushtid	80	73	28	176	105	0

Basert på september 2023 trafikken og ein prognose på elbilandel på 45 prosent (den er 43,5 prosent i september), er det kalkulert med at dette takstforslaget vil gje ein realisert snitttakst som er i samsvar med snitttakstkravet på 14,15 september 2023 kroner.

Alle rabatt- og fritaksordningar gjeld som tidlegare fastsett. Sjå:

<https://ferde.no/bomanlegg-og-priser/bergen>

Vidare framdrift

Om Bergen kommune og Vestland fylkeskommune gjev tilslutnad til å endra takstane i Bypakke Bergen, vil Ferde senda takstsøknad til Vegdirektoratet som gjer takstvedtak. Takstvedtaket vil bli kunngjort 4- 6 veker før takstane vert endra i bomstasjonane.

Ferde legg som vanleg i Bypakke Bergen opp til å kpi- justera takstane ved nyttår (Ref. fullmakta Ferde har til å søka om slike endringar). Me har forstått det slik at den lokalpolitiske behandlinga av dette takstframlegget vil ta så lang tid, at det først er seinare i 2024 at desse takstane kan implementerast, gitt at det er lokalpolitisk semje om eit takstopplegg. Det vil då kunna bli to takstendringar i Bypakke Bergen i 2024; Kpi-justering ved nyttår og ei justering seinare på året, for å oppnå fastsett snitttakst.

Med helsing

Trond Juvik
Administrerende direktør

Bjørn Inge Midtgård
Myndighetskontakt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur